

Tre florentinarar
Essay og artiklar om religion, kultur og samfunn
2003-2009

Arnfinn Haram

Tre florentinarar

Essay og artiklar om religion,
kultur og samfunn

2003 - 2009

Forord av Jon Michelet

Efrem forlag

© Efreml forlag 2009

Forside: Frå serien «Bilder fra en sommer» av Kåre Haram

Foto forside: Øystein Haram

Omslag og sats: Øyvind Lerø, Efreml forlag

Trykk: AIT-Otta AS

ISBN 978-82-92922-13-2

Sett med Sabon 11/13,5

Papir: 90 g Munken Print Cream 1.5

Efreml forlag, Follese

post@efremlforlag.no

www.efremlforlag.no



INNHALD

FORORD

av Jon Michelet 11



I ESSAY

- Den estetiske spegelsalen 17
Frå Saknevik til Barndomslandet 23
Georges Bernanos - diktar på liv og død 29
Mellom privatreligion og teokrati 53
Nicolaj Berdjajev – religionsfilosof mellom
aust og vest 65
Når Gud blir framandord 79
Sursum Corda 89
Naturen som sakrament 113
Tre florentinarar 123



II KRONIKKAR

- Når Dagbladet goes catholic 131
Religionskritikk og sekularismekritikk 137
Olavssteinen – relikvie eller snublestein? 143
Kyrkje eller folkekyrkje 149

III FRAGMENT

- Trajans søyle – Romersk meditasjon I 157
Urbanitet – Romersk meditasjon II 161
Ingolf Håkon Teigene 165



IV BOKMELDINGAR

- Cicero på norsk 169
Kongeleg ljøs – og menneskelege skuggar 172
Overmoden mellomalder 174
Mørkret bortanfor ljøset 180
Teologi som bilete 186
Balladen om Olav Engelbrektsson 189
To menneske 194
«Tonen fra det uendelige» 198
Regimekritikaren 203
«The man delusion» 207
Raddisporno 211



V SIGNERT

- Grepet om statskyrkja 217
Einsemd og fridom 220
Scandalum Magnatum 223
Raddissyndromet 226
Paragraf-overtrua 229
KRL - Vive la France 232
Mange modernitetar 235
Dikt og daglegliv 238

Animalsk avfall	241
Tid for tru	244
Vanskeleg val	247
Berre eit ord	250
Tilfellet Jägerstatter	252
Annleis arbeidsfolk	255
Tabula rasa	258
Ut av sjenansen	261
Sjølvsagt fleirkultur	263
Rettskollisjonar	266
Etikk som tabu	269
Folkepositivismen	272
Gud på teatret	275



VI ANDRE ARTIKLAR

Motstand og overgjeving	279
Hans og Bendik	286
«Å Vestland, Vestland...	292
Det reformpedagogiske regimet	294
Islamofobi	296
Helgenfabrikken	299
Kontemplativ pause	301

✠ *Til brøerne i St Dominikus kloster* ✠

HE WISHES FOR THE CLOTHS OF HEAVEN

Had I the heaven's embroidered cloths,
Enwrought with golden and silver light,
The blue and the dim and the dark cloths
Of night and light and the half-light,
I would spread the cloths under your feet:
But I, being poor, have only my dreams;
I have spread my dreams under your feet;
Tread softly because you tread on my dreams.

W B Yeats

FORORD

Av Jon Michelet

Det er et bemerkelsesverdig fenomen i Norge at den i størrelse svært beskjedne Dominikanerordenen, som lever sitt stille klosterliv i Oslo, har frambragt skarpskodde skrivende samfunnsdebattanter som har satt sitt preg på norsk offentlighet.

Godt kjent for folk av min generasjon var dominikanerpateren Hallvard Rieber-Mohn (1922-1982). Han var tilknyttet St. Dominikus' kloster fra 1953. Rieber-Mohn valgte å publisere mange av tekstene sine i sosialdemokratiske organer. Han var fast spaltist i Arbeiderbladet, som siden ble Dagsavisen, og i det LO-eide ukebladet Aktuell, som dessverre ble lagt ned. Han var en populær radiokåser, og en gjenganger i debatter som hadde med religiøse spørsmål å gjøre. Lista over Rieber-Mohns bøker og artikkelsamlinger er lang. Like før han døde ble han hedret med Fritt Ords pris.

En av Rieber-Mohns elever var Kjell Arild Pollestad, født i 1949, som i løpet av 1980- og 1990-tallet ble en folkekjær forfatter, foredragsholder og programleder i NRK. Pollestad hadde konvertert til Den katolske kirke i 1975

og sluttet seg til Dominikanerordenen. Han ble presteviet i 1980. Pater Pollestad ble kjent ikke bare som debattant, men også som livsnyter og humorist. Også hans liste over bøker er lang, og han er stadig aktiv som forfatter.

Siste skudd på stammen av skribenter med bakgrunn i Dominkanerordenen i Norge er mannen som har skrevet den boka du nå holder i hånda, Arnfinn Haram. Han er munk i St. Dominikus' kloster. Han har spøkefullt kalt seg selv «en munk fra Middelalderen som skriver i Klassekampen.»

Det er gjennom hans regelmessige bidrag til Klassekampen at jeg er blitt kjent med bror Arnfinn. Er det ikke merkelig at en dominikanermunk skriver i Klassekampen, som er venstresidas avis? Nei, det er ikke så merkelig. Det er gledelig. Også ei avis på venstresida må holde spaltene åpne for andre stemmer, og Arnfinn Haram er definitivt en annen stemme, ganske unik i den røde avisas spalter. Akkurat som Rieber-Mohn valgte å publisere i Arbeiderbladet, har Haram valgt å publisere i Klassekampen. At avisa ved redaktør Bjørgulv Braanen har tatt vel imot ham, er i pakt med en aldri så liten tradisjon. I min redaktørtid fra 1997 til 2002 rekrutterte jeg også en kristen skribent som regelmessig bidragsyter til Klassekampen. Det var den unge journaliststudenten Anne Weider Aasen, som var leder i Norges Kristelige Studentforbund.

For det offentlig ordskiftet i Norge er det en svært god ting at båsene for hvor man kan publisere tekster ikke er rigide og låst for annerledes-stemmene.

Noe middelaldersk er det for øvrig ikke ved Arnfinn Haram. Han står med begge beina plantet i moderniteten, samtidig som han med hendene holder seg fast til en langvarig katolsk historie. Denne historien preger naturlig nok det han skriver, men det han først og fremst er opptatt av er vår samtid og dens problemer. Han er en usedvanlig

skarp observatør og analytiker, og kan være herlig nådeløs når han gyver løs på vår tids primitive materialisme.

En nøkkel til å forstå Arnfinn Haram er, slik jeg ser det, nettopp dette at han er munk. Det gir ham en helt spesiell posisjon – som han vet å utnytte. Han har stilt seg utenfor mye av tidas mas og strev etter mammon. I kontemplativ ro kan han pønske ut sin samfunnskritikk. Når han så kommer med den, kan kritikken være befriende beisk. Til forskjell fra Pollestad er Haram mer asketisk og på langt nær så sangvinsk. Haram er en alvorsmann. Det setter jeg stor pris på – i ei tid som ofte velger vekk det alvorlige til fordel for det overflatiske. Men noen mørkemann er Haram slett ikke. Han skriver med glimt i øyet, og med gnist i sin penn. Nåja. Det er vel ikke fjærpenn de bruker i klosteret i dag – det sies endatil om broder Haram at han er «blogger».

Jeg har selv hatt gleden av å debattere med Haram. I min bok «Brev fra de troende» fra 2008 polemiserer jeg mot et synspunkt han fremmet i Klassekampen. Ja, du kan selv lese hans *Signert*-artikkel «Raddissyndromet» her i boka. Han mener at venstresida har religionen som hovedfiende. I min bok prøver jeg å vise at religionen ikke er og ikke skal være noen hovedfiende for folk på venstresida. Jeg føler ofte at jeg har mer til felles med en idealistisk munk som Haram enn jeg har med enkelte av venstresidas mest pragmatiske profesjonelle politikere. I en epoke av menneskehetenes historie da religionen ser ut til å ha fått økt betydning, er det viktig at vi som ikke er religiøse – jeg er ateist – søker etter toleranse i forhold til de religiøse, enten de tilhører kristendommen, islam eller andre religioner.

Her spiller Arnfinn Haram en viktig rolle i den offentlige debatten fordi han inviterer til dialog og velger fora der han vet at han ikke bare møter likesinnede religiøse, men folk som har en annen oppfatning og livsanskuelse.

Slik kan meninger og ideologier brytes mot hverandre.

Det som virkelig har gjort meg glad i Haram, er at han ofte kritiserer venstresida *fra venstre*. Når han langer ut mot venstresidas ettergivenhet overfor kapitalkreftene og for våre utallige unnlåtelsessynder, fryder det mitt hjerte. Selv om han som munk som er knyttet til en kirke som på mange felt er konservativ, er han også en radikaler, i betydningen en som går til sakenes røtter. Han har et usvikelig engasjement for sosial rettferd, og en evne til å plassere seg på de svakes side i kampen mot de sterke.

Jeg føler meg overbevist om at Haram må være inspirert av frigjøringsteologien i Latin-Amerika. Jeg kan ikke se at han har nevnt det eksplisitt noe sted i tekstene sine, men jeg tror at det må være slik. Når jeg leser ham, går tankene til de katolske geistlige som har stilt seg på fattigfolkets side i Brasil, og som både taler om sin Gud og hans himmel og om at det må bli rettferdighet og slutt på de enorme forskjellene i menneskenes materielle kår på den jorda vi lever på.

Det er når det gjelder å redde denne jorda og menneskene som bebor den jeg føler at jeg, som kommer fra den kommunistiske tradisjonen, befinner meg i samme båt som Arnfinn Haram som kommer fra den katolske tradisjonen. Dette er ikke så underlig som det kan høres ut. I ei tid som forflates og uthules av kommersialisering og markedsliberalisering kan munk og marxist kanskje finne sammen på områder vi ikke før hadde drømt om. Det ligger håp og fortrøstning i dette. Noe nytt kan være i emning.

Det er flott at vesle, nystartede Efrem forlag tør å satse på å gi ut en samling av Arnfinn Harams tekster. Han har allerede nådd et publikum langt utenfor den katolske menigheten, og det er mitt håp at han gjennom denne boka når et enda større publikum.



essay

DEN ESTETISKE SPEGELSALEN

- *innspel til ein teologisk estetikk*

*Wer Wissenschaft und Kunst besitzt, hat auch Religion,*¹ skal Goethe ha sagt. Det har nok vore hustavla til svært mange intellektuelle og engasjerte menneske i den vestlege kulturkrinsen dei par siste hundreåra. Åndsliv må vi jo ha, gudbedre, sjølv om ordet «ånd» ikkje er lett å filetere så det blir fullstendig fritt for religiøse skinn- og beinrestar.

Frå det verkelege til det virtuelle

Kunsten blir etterkvart frigjort frå religionen, både praktisk, økonomisk og idemessig. Kunsten, som vitskapen, skal sjåast som fri og suveren. Den profetiske og geniale kunstnaren uttrykkjer seg utfrå seg sjølv, men også med sideblikk til andre kunstnarlege uttrykk i samtid og fortid. Kunsten er blitt sin eigen referanse, men enn så lenge er han vend mot den naturlege og humane røyndomen som eit føreliggjande objekt, som skal fortolkast og formidlast. Den kritiske ormen som hadde fortært religionen, gneg umetteleg vidare. No vender han sin apetitt mot røy-

1 Johann Wolfgang von Goethe, *Zahme Xenien IX.*, Anfang

domen sjølv, og deretter mot språket, mot symbola, mot alle meiningsindikatorane. Kunsten fær då seg sjølv, ikkje berre som subjekt, men som objekt. Sjølve fortolkinga blir viktigare enn det som skal fortolkast. Og fortolkinga sjølv blir gjenstand for eksperimentering og utforsking, etter som språk og former berre er tilfeldige leiketøy.

Så er det ikkje lenger vindauge, men *speglar* som dannar glasfelt i rommet. Der ein før såg ut, på ein faktisk røyndom, ser ein no berre seg sjølv: Kva seier kunsten om kunsten? Kva seier orda om orda? Kva seier kritikarane og publikum om sjølvforståinga til kunstnaren og om hans bruk av ord og former? Kunsten er blitt sin eigen røyndom. Ei virtuell verd – som altså på ingen måte er noko datateknologien har funne opp.

Modernismen

Modernismen var nok naudsynt. Naturalismen hadde i for sterk grad gjort kunsten til ein referent, ein kopist, ein fotograf. Det var naudsynt å bryte opp identiteten mellom tolkinga og det som skulle tolkast, nettopp for å bli seg medviten at det føregår ei tolking, ein erkjenningssprosess som gjer at ein ser og oppfattar røyndomen medvite, intellektuelt, vake, ikkje berre emosjonelt og sentimentalt. Det moderne uttrykket tilfører det estetiske samlivet mellom det gjevne objektet og det formidla eller tolka objektet eit stenk stram kontrastvæske, så vi blir oss medvitne den estetiske erkjenninga.

Vel og bra. Men er ikkje resultatet blitt ein svært intellektualisert og skeptisistisk kunst? Sjølv om det er fake å male «elg i solnedgang», så finst det likevel både elgar, solnedgangar og tusen andre ting som vekkjer gjenklang i mennesket når vi oppfattar element av røyndomen, eller konstallasjonar av desse, som bilete, som symbol, som

teikn, som estetisk ekspressive. Kva hender når vi er blitt så skeptiske til røyndomen og til dens estetiske gjenspeglingar at vi oppfattar røyndomen som sentimentalitet og illusjon og knapt noko anna?

Kva skjer når kunsten blir oppfatta og vurdert, ikkje utfrå det inntrykket han gjer på oss reint menneskeleg, men utfrå si evne til stadig meir drastisk framandgjering i høve til den allmene humaniteten? Dess meir framand for det allment humane, dess meir lukka inne i sin eigen esoterikk, i sine eigne sirklar. *L'art pour l'art* vert *L'art – pour les artistes!*

Kunstuttrykkja endar med å bli illustrasjonar til idear, trendar og skular. Kunstinteresse blir å vere godt skulert i den kunst-interne etiketten.

Røyndomens død

Når kunsten døyr, døyr også røyndomen, trur eg. Sjølv-sagt er det for sterkt å seie at kunsten er død, om ein tek utsegna absolutt. Det eg meiner, er at mykje av kunsten er keisam, pliktaktig, søkt, nihilistisk. Dialogen, dialektikken, samspelet med den estetiske og etiske strukturen i røyndomen elles er blitt borte. Kunstnarane brukar form-element frå natur og kultur, men som brokkar og torsoar. Ord og former blir oppløyste og samansette i kombinasjonar som er utan samanheng med naturlege modellar, lik amputerte lemmer sydde saman til noko som ikkje lenger liknar ein menneskekropp. Eller rettare: Ein har skapt ein ny kropp, definert ein ny røyndom. Men det er ei apeaktig skaparhandling, for ho (mis)brukar materie og former som alt er skapte og er ein del av eit estetisk mønster. Dette blir ikkje ein storslagen *creatio ex nihilo*, slik den ekstreme modernismen pretenderer (ein *teologisk* pretensjon): Å skape ein annan røyndom, betre enn den Gud har

skapt. Istaden fær vi ein *creatio ad nihilum*; røyndomen misser sin estetiske, etiske og åndelege karakter. Det blir som å spele skapingsforteljinga baklengs, ei «avskaping»: Då sa Mennesket: «Det bli aude og tomt!» Og det vart så. *Tohu wa-bohu*.² *Nihil*.

Med *røyndomen* tenkjer eg ikkje på det reint empiriske, men på ein *tolka* røyndom, på ein røyndom som er til å stole på som vitne om *det gode, det vakre og det sanne*; ein røyndom som har mening. Det er når mennesket har denne grunnleggjande tilliten til røyndomen, at det kan stå i eit etisk og estetisk samspel med sine omgjevnader. *Naturen finner i menneskets tenkning seg selv, og mennesket ser i naturen de universelle symboler for sin egen indre skjebne*, seier Aasmund Brynildsen³. Kunsten er tydeleggjering av den estetiske og etiske *meininga* i den ytre røyndomen. Tydeleggjering er ikkje det same som forenkling og banalisering. Det er heller snakk om å *tyde* røyndomens teikn og tale. Dersom tilliten til røyndomen som estetisk og etisk talande er tilstades, kan kunsten førutsetje ein samanheng, ein analogi og eit samspel mellom røyndomen, kunstnaren og mennesket som kunstnaren vender seg til.

Det er denne tilliten til røyndomen som er sett på spel i den ekstreme moderniteten. Den tidlege eller klassiske moderniteten hadde illusjonar om ein reint empirisk, positivistisk tilgjengeleg røyndom. Postmoderniteten, som berre er modernitetens yttarste konsekvens og kulminasjon, har knust desse illusjonane. Røyndomen finst ikkje lenger, vi må sjølv velje kva som skal vere verkeleg – for oss. Røyndomens krisehistorie finn seg i ein avgjerande fase under den såkalla universaliestriden i høg mellomalderen. Nominalismen hevdar, i motsetnad til realismen, at

2 Aude og tomt (hebraisk), 1. Mos 1,2,

3 Essayet *Stagnelius*, i samlinga *Den ansvarsfulle frihet*, s. 149

røyndomens teikn ikkje har ontologisk realitet; alle namn, *nomina*, er flyktige og tilfeldige. Det er dette som blir vidareført med Descartes, som så å seie gjer røyndomen til eit produkt av det tenkjande, menneskelege subjektet. Røyndomen forstummar, mennesket fær ordet åleine.

Her lyfter eg mi teologiske lanse og spør, utfordrande: Kan vi lenger oppleve røyndomen som meir enn ein projeksjon av oss sjølve eller som kaotiske sanseintrykk når vi har forkasta ei kvar form for skapartru? Korleis kan det bli eit møte mellom røyndomen og oss dersom han ikkje har ei *gjeven* form, ei meining som kan opne seg for oss? Korleis kan vi ta imot røyndomen utan at han på ein eller annan måte er gjeven oss, er ei gåve? Eg trur ikkje at kunsten kan uttrykkje noko allmenmenneskeleg dersom vi ikkje lenger maktar å sjå oss som del av ein meningsfull heilskap, eit mønster som livet vårt skal vevast inn i.

Metafysisk djup

Mitt inntrykk er at mykje av kunsten i dag har gjeve seg sjølv eit hardt og kjøleg preg, fordi det føregår ei stadig bearbeiding av *overflata* i kunstuttrykket. Den djupe kjensla er blitt borte, det er blitt noko ein ler av, nettopp fordi ein ikkje kan hanskast med anna enn det som er overflate: Den reine forma, dei nakne orda, den musiske lyden. Ein er redd for å kjenne etter den meir djuptliggjande lengselen i mennesket. Kunsten har mist sin erotikk, bortsett frå overflata i seksualiteten. Kunsten er blitt massiv i sine kvanta og sofistisert i sine uttrykk. Men mengde og subtilitet stettar ikkje hungeren etter å få uttrykt mennesket si sorg, lengten etter kjærleik, trongen for forløyising, angsten for døden. Det er underskot både på melankoli og lovprisning. Svale kommentarar er alt som er att.

Den estetiske attityden eg her prøvar å fokusere på, gjeld ikkje fyrst og fremst dei einskilde kunstverka. Regelen har mange unntak i poesien t.d. Hofmo, Hauge, Mehren, Gill, Eidslott. Det handlar meir om kva som lenge har vore den estetiske ortodoksien, det skuleriktige. Om naudsynt, blir metafysisk lada poesi omtolka og dermed omskapt i biletet til makthavarane. Måten profilkrinsen tilnærma seg Olav H. Hauge på, kan vere eit døme.

Kvifor late som om vi ikkje alle lid under dette?

Kvifor kjenner eg så sjeldan at kunsten ser etter meg og mine medskapningar – og ikkje berre etter sitt eige spegelbilete?

FRÅ SAKNEVIK TIL BARNDOMSLANDET

– *Edvard Hoems teologiske ferjereise, tur-retur*

Hurtigruta dunkar seg oppover kysten langs strilelandet og ytre Sogn på veg frå Bergen mot mitt eige barndomsland. Eg sit i kafeteriaen på ein av dei gamle båtane og les den nyttgjevne *Heimlandet Barndom* av Edvard Hoem. Fekk henne av bror min i julegåve, og no skal eg heimover i romjula. Noko skal ein lese slike dagar.

Eg har ikkje lese alle bøkene til Hoem like grundig, når sant skal seiast, men av dei eg har lese, er dette den eg likar aller best. Kanskje fordi ho skildrar eit land og ei vandring som eg kjenner meg att i. Kanskje fordi ho er så nær og varm og har i seg den barnekårsanden som opnar opp verda for oss. Og som opnar vegen til Gud. Der eg sat med den svarte hurtigrutekaffien og slingra avgarde i vintervelden, skreiv eg ei lita julehelsing til forfattaren med takk for boka, og – hugsar eg – ei lita dristig, men svært oppriktig oppmoding hekta på til slutt: Du kan like godt kome tilbake til barnetrua og til Gud med ein gong, for i denne boka les eg i hjarta ditt at du eigentleg aldri har forlate det. Noko slikt. Fekk du kortet, Hoem? Vart du ilsken